



Grethe Skintveit
Hjalmar Brantings vei 101
5143 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1431 - 19/14692

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
27.06.2019

Melding om lekkasje i septiktank - GBNR. 44/9

Meland kommune er forureiningsmynde etter forurensingslova og har plikt til å følgje opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jfr. forurensingslova § 7.

Meland kommune har 26.06.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om lågt nivå i septiktanken på eigedommen din, gnr. 44, bnr.19. Lågt nivå i tanken tyder på at det er fare for lekkasje frå septiktanken. Ved lekkasje frå septiktank renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken, som i følgje Norva 24 Vest AS vil bli utført i perioden mai til august 2023. Då du som eigar av septiktanken no har fått ein lang fristperiode for utbetring, vil det ikkje bli gitt forlenging av denne etter at tanken er tømt og kontrollert i 2023.

For å få utbetra septiktanken må du kontakte ei godkjent rørleggjarverksemd eller verksemda som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølve utføre dette arbeide.

Dersom lekkasjen allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagte skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurderer å gje pålegg om utbetring, jf. forurensingslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jfr. forurensingslova § 73.

Tilbakemelding

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendes til:

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 44-9 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:
Grethe Skintveit

Hjalmar Brantings 5143
vei 101

FYLLINGSDALEN